



Kommunane

## **Rundskriv 2018-3 RMP - Saksbehandlingsrutiner for tilskot til regionale miljøtiltak i Møre og Romsdal**

Dette rundskrivet beskriv saksbehandlingsrutinar for tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for søknadsomgangen 2018. Rundskrivet erstattar Rundskriv 2017-3 RMP.

Rundskrivet er eit supplement til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv nr 2018-17, Saksbehandlingsrutiner for søknad om regionale miljøtilskudd i jordbruket - 2018. Landbruksdirektoratet sitt skriv handlar om fellesreglane i forskrifta og forvaltningsrettslege forhold.

Rundskriv 2018-2 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal inneheld kommentarer til forskrifta. Rundskriva finst på [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr). Der finst òg ei lenke til forskrifta, [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no). Forskrifta og rundskriva må sjåast i samanheng.

### **Informasjon til søkjarane**

Det blir laga eit enkelt ark med informasjon om tiltaka i fylket vårt, kor det finst meir informasjon og korleis søknaden kan leverast. Dette blir i juli månad sendt til alle som søkte om produksjonstilskot i 2017. Søknadsmateriell, informasjon om miljøprogrammet, forskrift og rundskriv finst på [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), Materiellet frå fylkesmannen er på nynorsk. I eStil kan søkjaren sjølv velje målform.

### **Nokre viktige endringar**

2013 var første året i ein ny planperiode og med nytt søknadssystem for miljøprogram distribuert via internett, heilt til søkjaren. Den ordinære revisjon etter fire år er utsett, for å sjå det nasjonale miljøprogrammet i samanheng med bygdeutviklingsprogrammet. Ny periode vil starte i 2019.

2017 var første året med nytt søknads- og saksbehandlingssystem og nye rutinar for produksjonstilskot. Endringane fekk nokre konsekvensar for behandlinga av regionale miljøtilskot.

Eigedomslista er frå 2017 flytta frå søknadskjemaet til kartet. Dvs at dei eigedomane søkjaren disponerer kan leggast til etter kvart som tiltaka blir teikna inn i kartet. Dette har samanheng med det nye eStil-PT, men vil truleg bli opplevd som ei forbetring.

Frå 2016 vart det etablert eit nytt elektronisk søknadskjema i eStil, noko som gjorde det enklare å halde oversikt over og få innsyn i søknader under utfylling. Altinn blir no brukt til å autorisere søkjaren og til formidling av meldingar attende til søkjaren, gjennom Min meldingsboks.

Standard metode for levering av søknad er internett.

Søkjaren må sjølv registrere og oppdatere rett kontonummer i eiga nettløysing for registrering av kontonummer. Søkjaren registrerer sjølv kontonummer i Altinn.no, under Mitt landbruksforetak. Saksbehandlar kan registrere kontonummer i Lregtjenester, som finst blant Elektroniske tenester for innlogga saksbehandlarar på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

Saksbehandlingsrutinane for tilskot til Regionale miljøtilskot og produksjonstilskot i jordbruket er i prinsippet nokså like. Det er nøyaktig dei same rettslege prinsippa som gjeld i forvaltinga. Kommunen godkjenner og attesterer utbetaling av regionale miljøtilskot i eStil, både ved ordinær utbetaling og ved seinare resultat av vedtak i klagesak. Sjølve saksutgreiinga må skje utanfor eStil, men databehandlinga, også i klagesaker, skjer i eStil – gjenopning, registrering, godkjenning og attestasjon.

## Innhold

1	Fristar .....	4
2	Saksbehandling.....	4
2.1	Ulike forvaltningsnivå sine roller/oppgåver .....	4
2.1.1	Kommunen .....	4
2.1.2	Fylkesmannen i Møre og Romsdal .....	5
2.1.3	Landbruksdirektoratet .....	5
2.2	Utsending av søknadsmateriell .....	5
2.3	Søknad og bruk av skjema.....	5
2.4	Søknadsfrist og levering .....	5
2.5	Behandling av søknadane .....	5
2.6	Avvising av søknader – levering etter fristen.....	6
2.7	Førebels behandling i kommunen.....	6
2.8	Maskinell behandling .....	7
2.9	Habilitet.....	7
2.10	Førehandsvarsel .....	7
2.11	Kommunen sitt vedtak .....	7
2.11.1	Krav til grunngjeving.....	8
2.11.2	Avkorting .....	8
2.11.3	Sanksjonar .....	8
2.12	Stopp av søknader .....	8
2.13	Søknader som skal avslåast.....	9
2.14	Dispensasjon - forskrifta § 17.....	9
2.15	Klage .....	9
2.16	Tilbakebetaling/omgjering av vedtak.....	10
2.17	Motrekning og utlegg.....	11
2.18	Offentleg innsyn .....	11
3	Utfylling og retting av søknader .....	11
3.1	Særskilt om enkelte tiltak.....	11
3.1.1	Slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap.....	11
3.1.2	Tilskot til drift av beitelag.....	11
3.1.3	Tilskot til skjøtsel av slåttemark .....	11
3.1.4	Tilskot til skjøtsel av bratt areal .....	11
3.1.5	Tilskot til drift av beitelag.....	12
3.1.6	Tilskot til skjøtsel av kystlynghei .....	12
3.1.7	Tilskot til tilrettelegging av fuglebiotopar .....	12

3.1.8	Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon.....	12
3.1.9	Tilskot til stell av automatisk freda gravminne på innmark.....	13
3.1.10	Tilskot til utsett jordarbeiding.....	13
4	Maskinelle kontrollar .....	13
5	Stikkprøvekontroll.....	13
6	Utlevering av data frå søknader om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal.....	14

## 1 Fristar

Fristane går fram av rundskriv 2018-17, jf ovanfor. Det skal berre leggst til:

### Måndag 15.10.2018

Søknadsfrist før søknad om regionale miljøtilskot i Møre og Romsdal.

### Torsdag 01.11.2018

Søknadsfrist for søknad om tilskot til drift av beitelag.

### Fredag 11. januar 2019

Siste frist for kommunen til å behandle ferdig søknader om regionale miljøtilskot og tilskot til beitelag.

## 2 Saksbehandling

### 2.1 Ulike forvaltningsnivå sine roller/oppgåver

Nedanfor er ei kort oppsummering av hovudpunkta til dei ulike forvaltningsnivåa.

#### 2.1.1 Kommunen

Kommunen tek imot søknadane. Søknad skal leverast til kommunen der driftssenteret ligg.

Beitelag som har dyr på beite i fleire fylke, skal søkje om tilskot i det fylket der dei fleste dyra beiter. I tvilstilfelle vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal avgjere kvar søknaden skal leverast.

Kommunen bør i størst mogleg utstrekning oppmuntre og hjelpe søkjarane til å levere søknaden elektronisk.

Dersom søkjarar vender seg til kommunen for å få søknadsskjema, kan dette lastast ned frå [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr).

Dersom overordna organ tek ei klage til følgje, slik at dette medfører utbetaling av meir tilskot, må kommunen effektuere dette i eStil.

Når kommunen behandlar klagesaker, må saksutgreiinga skje i kommunen sitt saksbehandlings-system. Databehandlinga skjer i eStil, der kommunen godkjenner korrekte data for utmåling av tilskot, og attesterer søknaden etterpå. eStil reknar automatisk ut skilnaden mellom opphavleg utmålt tilskot og tilskot etter klage. Meirtilskot vert utbetalt etter attesteringa, og mindre tilskot fører til at eStil genererer ein faktura til søkjarane.

Du finn meir om saksbehandling i rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet og i brukarretteiing på eStil-portalen.

### **2.1.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fastset forskrift og retningslinjer, utarbeider og distribuerer materiell, informerer og gjev råd og hjelp til kommunane. Fylkesmannen kan ikkje registrere eller behandle søknader.

Fylkesmannen behandlar og avgjer søknader om dispensasjon og klager på vedtak kommunen har fatta.

### **2.1.3 Landbruksdirektoratet**

Landbruksdirektoratet behandlar klager på vedtak fatta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Landbruksdirektoratet utviklar og legg til rette saksbehandlingssystem for registrering og behandling av søknader, kontroll og utbetaling av tilskot.

## **2.2 Utsending av søknadsmateriell**

Fylkesmannen sender i juli orientering om Regionalt miljøprogram til alle som søkte produksjons-tilskot i 2017 og 2018. Informasjonen gir kortfatta oversikt over tiltaka i miljøprogrammet og opplysningar om kvar meir informasjon og søknadsprosedyre kan finnast. På [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr) finst all informasjonen fylkesmannen har distribuert, og der er lenke til Landbruksdirektoratet si nettside og til Lovdata. Kommunen blir oppmoda om å publisere informasjon på si nettside, og gjerne legge inn lenker til anna informasjon om regionale miljøtilskot.

## **2.3 Søknad og bruk av skjema**

Søknaden bør leverast elektronisk via [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) eller eventuelt [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Dei som ikkje kan levere elektronisk, må få hjelp til å levere elektronisk eller få papirskjema, for å levere skriftleg. Skriftlege søknader må ha dei same vedlegga som det som blir registrert ved elektronisk utfylling i søknadssystemet eStil. Andre former for søknad skal kommunen avvise.

## **2.4 Søknadsfrist og levering**

Søknadsfristen er 15. oktober. Det betyr at søknad er levert innan fristen, dersom eit av følgjande er oppfylt innan den 15. oktober kl 23:59:

- ▶ Søknaden er registrert, sendt inn og mottatt i eStil, slik at søkjaren har fått kvittering med rett leveringsdato i «Min meldingsboks» i [www.altinn.no](http://www.altinn.no) eller på velkomstsida for regionale miljøtilskot, etter pålogging til eStil.
- ▶ Papirsøknaden med alle vedlegg er postlagt i løpet av 15. oktober.
- ▶ Papirsøknad med alle vedlegg er levert til kommunen innan stengetid 15. oktober.

Søknadsfristen for beitelaga er 1. november.

Når søknadsfristen fell på laurdag eller sundag, blir fristen forlenga til første etterfølgjande virkedag.

Sjå meir i rundskriv 2018-17.

## **2.5 Behandling av søknadane**

Kommunen fattar vedtak om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal, jf forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal § 17. Vedtak etter denne forskrifta er enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova gjeld. Merk særleg kapitla IV - VI.

Sjå meir i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-17.

## 2.6 Avvising av søknader – levering etter fristen

Avvising er å la vere å ta ei sak opp til behandling, fordi dei formelle vilkåra for å behandle saka ikkje er oppfylte.

Kommunen går først gjennom søknaden og kontrollerer at den er fullstendig utfylt, og at nødvendig dokumentasjon er vedlagt. Skriftlege søknader utan underskrift skal returnerast til søkjaren for underskrift. Skjemaet skal vere fullstendig utfylt, og alle spørsmål skal svarast på. Berre den som har rett rolle i føretaket kan underteikne søknaden.

Kommunen må sjølv fatte vedtak om avvising, og sende melding om dette til søkjaren. Eit vedtak om avvising har same verknad som eit enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova om grunngjeving og klage gjeld.

## 2.7 Førebels behandling i kommunen

Søknaden om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal som er registrert i eStil, vil vise i innboksen til alle som har rolla som saksbehandlar eStil i den enkelte kommune. Skriftlege søknader skal leverast eller sendast til kommunen der føretaket har driftssenter. Dersom eit føretak driv tilskotsberettiga verksemd i fleire kommunar, skal søknaden også då sendast til den kommunen der føretaket sitt driftssenter ligg.

Alle føretak som søker om tilskot til miljøtiltak, må vere registrerte og knytt til korrekt landbruks-eigedom i Landbruksregisteret, før søknaden kan registrerast. Føresetnaden for å få registrert eit føretak i Landbruksregisteret er at føretaket først er registrert i Einingsregisteret, og har ei aktiv bedrift. Dersom føretaket har ei avslutta bedrift innan jordbruk, kan fylkesmannen kontakte Einingsregisteret om saka. Har føretaket tidlegare vore registrert i ein annan bransje, må føretaket sjølv kontakte Einingsregisteret, for å få registrert ei bedrift for jordbruksdrift for føretaket sitt. Opplysningar om registrerte føretak med underreiningar (bedrift) finst på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

Føretak som driv i fleire fylke, må sende ein søknad for kvart fylke til den kommunen det aktuelle driftssenteret er plassert i. Det kan registrerast berre ein søknad på kvart føretaksnummer. Derfor må søknad til ein kommune i anna fylke registrerast på organisasjonsnummeret til underreininga/-bedrifta til føretaket. Rett underreining må vere knytt til landbrukseigedom i Landbruksregisteret.

Det er klokt å rekne ekstra god tid på saksbehandling ved registrering av føretak og bedrifter i tidsrommet omkring søknadsfristen.

Kommunen gjer ein førebels kontroll av om opplysningane i søknaden er logiske og korrekte, og at vilkåra er oppfylt. Dersom søknaden oppfyller desse krava, kan den sendast vidare.

Søknader som ikkje fyller vilkåra for utbetaling av produksjonstilskot eller tilskot til regionale miljøtiltak, skal avslåast. Vedtak om avslag er eit enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova om grunngjeving og klage gjeld. I slike tilfelle må kommunen skrive eige vedtak utanfor eStil, og sende det til søkjaren så snart det er praktisk mogleg. Dersom eventuell klage vert etterkomen, kan søknaden opnast opp att i eStil, og følgje normal behandling fram til utbetaling.

I særlege tilfelle kan Fylkesmannen i Møre og Romsdal gje dispensasjon frå reglane i forskrifta. Søkjaren bør få opplysning om høvet til å søkje om dispensasjon, dersom det er grunnlag for det. Søknader om dispensasjon bør behandlast så tidleg som mogleg. Sjå nærare om dette i kapittel 2.14.

Kommunen skal berre rette opplysningane søkjaren har gitt etter samråd med søkjaren. Unntak frå dette er openberre skrivefeil. Dersom kommunen oppdagar opplysningar i søknaden, som truleg ikkje er korrekte, men som ikkje nødvendigvis er skrivefeil, skal søkjaren kontaktast før retting blir utført. Det same gjeld dersom opplysningar manglar.

## **2.8 Maskinell behandling**

På grunn av overgang til nye søknadsfristar for produksjonstilskot, blir det ingen maskinelle kontrollar mot søknadsdata i produksjonstilskot. Søknadene blir maskinelt kontrollerte i systemet. Kontrollane er ei hjelp til kommunen si behandling av søknadane.

På arbeidsskjermen i eStil kan søknader filtrerast og sorterast etter mange ulike kriterium, slik at søknadsoversikta blir svært oversiktleg – ei god hjelp under behandlinga.

## **2.9 Habilitet**

Sjå Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-17, kapittel 5.1.2.

## **2.10 Førehandsvarsel**

Sjå Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-17.

I følge forvaltningslova § 16 skal ein part, som ikkje allereie ved søknad eller på anna måte har uttalt seg i saka, varslast før vedtak vert gjort, og få høve til å uttale seg innan ein nærare fastsett frist. Saka skal vere best mogleg opplyst, og søkjaren skal få høve til aktivt å forsvare sine interesser.

Ved avkorting i tilskotet, for eksempel avkorting ved feil opplysningar, der søkjaren er informert i søknadsmateriellet og i rettleiingsheftet om faren for avkorting i tilskotet, er det ikkje nødvendig å sende førehandsvarsel til søkjaren. Søkjaren har i desse tilfella ved si underskrift på søknaden godteke at slik avkorting kan skje.

I saker om motrekning etter § 22 er det den som krev motrekning som har ansvaret for at søkjaren får varsel om kravet.

I saker om avkorting av tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal på grunn av brot på regelverk for jordbruksverksemd, jf. forskrifta § 21, skal søkjaren førehandsvarslast. Dersom t.d. Mattilsynet ikkje har varsla søkjaren om at deira vedtak om brot på reglar i dyrevelferdslova er sendt til kommunen med oppmoding om avkorting i tilskot, og at dette kan medføre at det skjer avkorting i tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal, må kommunen sende førehandsvarsel til søkjaren om at oversendinga kan medføre avkorting.

I saker som gjeld krav om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot etter føreskrifta § 22 skal søkjaren òg førehandsvarslast om at kommunen har oppdaga at det har blitt utbetalt for mykje tilskot, at saka blir vurdert, og at utfallet av vurderinga kan bli at det kjem eit krav om tilbakebetaling av tilskotet. I denne typen saker vil ikkje søkjaren få høve til å uttale seg utan at varsel blir sendt.

## **2.11 Kommunen sitt vedtak**

Når alle søknadene er ferdig behandla, skal kommunen fatte vedtak ved å godkjenne/attestere utbetalinga. Nærare detaljar om dette finst i rettleiing på eStilportalen og i rundskriv 2018-17, kapittel 5.2.2. Der etter skjer ei sentral masseutbetaling for heile landet, og søkjarane vert underretta om vedtaket gjennom tilskotsbrevet. Tilskotsbrevet finn søkjarane i «Min meldingsboks» i altinn.no.

### **2.11.1 Krav til grunngjeving**

Alle enkeltvedtak skal grunngjevast, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. Dersom søknaden om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal blir innvilga, vil tilskotsbrevet som blir produsert på vegne av kommunen, ivareta krava til grunngjeving. Tilskotsbrev vert automatisk produsert i eStil og lagra på kvar enkelt søknad. Brevet kan lastast ned av kommunen.

Dersom søknaden blir avslått eller avvist, må kommunen sjølv underrette søkjaren om vedtaket og retten til å klage. Slike vedtak bør kommunen fatte så snart det er praktisk mogleg.

### **2.11.2 Avkorting**

Dersom ein søknad skal avkortast etter forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal §§ 19 - 20, må kommunen avgjere omfanget og registrere avkortinga.

Avkortinga må grunngjevast. Klagefristen går fram av tilskotsbrevet, og er 3 veker frå tilskotsbrevet er motteke. Sjå nærare om klagebehandling i kapittel 2.15. Ved avkorting som følgje av brot på regelverk for jordbruksverksemd, må søkjaren førehandsvarslast, sjå ovanfor.

Reduksjon i tilskotet på grunn av at søknaden er levert for seint, er ikkje avkorting, men ein negativ tilskotsatts. Beløpet vert automatisk berekna for kvar virkedag i systemet, og blir spesifisert i tilskotsbrevet.

Beløp som vert avkorta, blir tilbakeført til det miljøprogrammet i fylket vårt.

### **2.11.3 Sanksjonar**

Kommunen har ansvar for å følgje opp, dersom det er mistanke om at føretak prøver å få meir tilskot enn dei har rett til, eller har prøvd/fått tilskot, sjølv om vilkåra ikkje varr oppfylte. Det bør leggast til grunn ein streng praksis.

Dersom det viser seg at føretaket har søkt om tilskot til større areal/fleire dyr enn det faktisk har, skal det alltid gjerast ei vurdering om tilskotet skal avkortast etter forskrifta § 20, eller i grove tilfelle å melde føretaket for forsøk på bedrageri etter straffelova § 270, jf. § 49. Føretaket må ha vore klar over at det vart søkt om vesentleg meir areal/dyr enn det faktisk disponerte, eller det må ha handla grovt aktlaust. Sjå meir om aktsemd i rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet.

Dersom det viser seg at føretaket som søkte ikkje oppfylte grunnvilkåra, og dette blir oppdaga før tilskotet blir utbetalt, skal det vurderast å melde føretaket for forsøk på bedrageri etter straffelova § 270, jf. § 49. Føretaket må ha vore klar over at grunnvilkåret ikkje var oppfylt då det søkte.

Dersom det etter at tilskotet er betalt ut viser seg at føretaket ikkje oppfylte grunnvilkåra, skal beløpet krevjast tilbake etter forskrifta § 21, og det skal vurderast å melde føretaket for bedrageri etter straffelova § 270.

Føretaket må orienterast om at forholdet er vurdert.

## **2.12 Stopp av søknader**

Søknader som blir feilmelde i dei maskinelle kontrollane og ikkje retta, blir ikkje utbetalte. Feilmelde søknader vil ha status «Til behandling», og søknader som er opna opp att for ny behandling, vil ha status «Under behandling». Ingen av desse statusane vil kunne gå til utbetaling.

Kommunen bør stoppe søknader, dersom det dukkar opp forhold ved søknaden, som gjer at den bør vurderast nærare. Eksempel på dette kan vere mistanke om felles økonomiske interesser, jf. forskrift

om produksjonstilskot i jordbruket § 7, mistanke om at det ikkje vert drive vanleg jordbruksproduksjon, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3, eller dersom kommunen ønskjer å halde tilbake tilskot etter forskrifta § 20. Kommunen må varsle søkjaren, jf. ovanfor om førehandvarsel.

Søknader som vert stoppa, må vurderast nærare. Dersom kommunen kjem til at søknaden skal imøtekomast, må kommunen fatte vedtak i samsvar med forvaltningslova sine reglar, merk særleg kapitla IV - VI.

Dersom kommunen kjem til at søknaden skal avslåast, må kommunen fatte vedtak om dette.

### **2.13 Søknader som skal avslåast**

Kommunen behandlar og kan avgjere søknader fortløpande, inklusiv avslå eller avvise søknader. Dette bør skje så snart behandlinga tillet det. Kommunen skriv i slike tilfelle vedtak utanfor eStil, og sender det til søkjaren. Skulle søkjaren klage på vedtaket, og den blir imøtekommen, kan søknaden opnast opp att og følgje normal saksbehandling fram mot utbetaling.

Søknader som har status Godkjent, men får berekna 0 kroner i tilskot, skal kommunen avslå. Arbeidsskjermen i eStil må ryddast for slike søknader innan 23.12.

### **2.14 Dispensasjon - forskrifta § 17**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal. Les meir om dispensasjon i rundskriv 2018-2 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-17, kapittel 7.

Søklarar som treng dispensasjon for både søknad om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal og produksjonstilskot, kan søkje om dette samla. Det må då opplysast at søknaden om dispensasjon gjeld begge tilskotsordningane.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ansvar for at saka er tilstrekkeleg opplyst før vedtak om dispensasjon vert fatta, jf. forvaltningslova § 17 første ledd. Kommunen må førebu søknader om dispensasjon, ved å skaffe alle relevante opplysningar for eller mot dispensasjon. Dette skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal med tilråding. Kommunen må i utgreiinga vurdere begge separat, og gjere tydeleg om eventuell tilråding gjeld den eine eller begge tilskotsordningane.

### **2.15 Klage**

Dersom klage ikkje kan imøtekomast, behandlar Fylkesmannen i Møre og Romsdal klager på vedtak fatta av kommunen, og Landbruksdirektoratet behandlar klager på vedtak om dispensasjon og omgjerding, som Fylkesmannen har fatta.

Melding om vedtak blir gitt på ulike vis:

- i tilskotsbrevet, som blir produsert på vegne av kommunen ved hovudutbetalinga
- i vedtak fatta av kommunen i samband med klage, eller
- i vedtak frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal eller Landbruksdirektoratet.

Enkeltvedtak kan klagast, jf. forvaltningslova § 28.

Klagefristen er 3 veker frå søkjaren får vedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Søkjaren har fått vedtaket i sentralt tilskotsbrev, når det er gjort tilgjengeleg i meldingsboksen i Altinn. Klagen skal sendast til kommunen, jf. forvaltningslova § 32.

Når kommunen får klagen, kan den i følge forvaltningslova § 33 enten:

- ✓ oppheve/endre vedtaket, dersom den finn klagen grunngeven. Kommunen orienterer søkjaren om det nye vedtaket.

eller

- ✓ dersom kommunen ikkje finn klagen grunngeven, sende dokumenta i saka saman med ei tilråding til fylkesmannen, som fattar endeleg vedtak.

Dersom omgjeringa fører til utbetaling av meir tilskot, skal kommunen registrere korrekte data i eStil. eStil vil automatisk berekne tilskot på grunnlag av data i kart og søknaden, og trekkjer automatisk frå eventuelt tidlegare utbetalt tilskot. Kommunen skal ikkje trekke frå tidlegare utbetalt. Det er berre avkortingar som skal førast inn i søknaden.

Fylkesmannen har ansvaret for at saka er tilstrekkeleg opplyst/dokumentert, før det vert gjort vedtak i klagesaka. Fylkesmannen kan pålegge kommunen å gjere nærare undersøkingar jf. Forvaltningslova § 33, femte ledd.

Vedtak i klagesak kan ikkje klagast, jf. forvaltningslova § 28. Fylkesmannen sitt vedtak i klagesak kan derfor ikkje klagast til Landbruksdirektoratet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fattar vedtak om dispensasjon, jf. forskrifta § 17. Klagefristen er 3 veker frå søkjaren får vedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Klage på avslag om dispensasjon skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. forvaltningslova § 32. På same måte som kommunen, kan Fylkesmannen i Møre og Romsdal med heimel i forvaltningslova § 33 oppheve eller endre vedtaket, dersom han finn klagen grunngeven. Dersom Fylkesmannen i Møre og Romsdal ikkje finn klagen grunngeven, vil dokumenta i saka og ei tilråding bli sendt til Landbruksdirektoratet, som fattar endeleg vedtak.

### **2.16 Tilbakebetaling/omgjerung av vedtak**

Dersom det vert oppdaga at søkjaren har fått utbetalt for mykje tilskot, skal som hovudregel det feilaktig utbetalte tilskotet krevjast attende, jf. RMP-forskrifta § 21 og rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet.

For at tilbakebetaling skal kunne krevjast, må vedtaket som innvilga tilskotet gjerast om etter forvaltningslova § 35.

Dersom grunnen til at tilbakekrevjing av tilskotet blir vurdert, er at vedtaket om innvilging er ugyldig, må kommunen eller Fylkesmannen i Møre og Romsdal sende førehandsvarsel til søkjaren. Varselet må opplyse om at det er oppdaga at det har blitt utbetalt for mykje tilskot, at saka blir vurdert, og at utfallet av vurderinga kan bli at det kjem eit krav om tilbakebetaling av tilskotet, jf. forvaltningslova § 16. Er det t.d. utbetalt tilskot til dyr på utmarksbeite, og det seinare blir oppdaga at søkjaren ikkje hadde rett til slikt tilskot, må søkjaren varslast om dette, og få ein frist til å uttale seg i saka.

Dersom Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer å krevje tilbake tilskotet på grunn av at offentlege interesser tilseier det, må han underrette søkjaren om at vedtak om innvilging kan bli overprøvd, jf. forvaltningslova § 35 tredje ledd. Slikt brev må vere søkjaren i hende innan tre veker etter at det opphavlege vedtaket vart fatta. Vedtaket om innvilging må i desse tilfella gjerast om innan tre månader etter at søkjaren fekk underrettinga.

Det finst meir informasjon om gjennomføring av tilbakebetaling i «Rundskriv nr 8 - Retningslinjer for saksbehandling ved feil utbetalt tilskudd eller erstatning.», (Rundskriv 8/12) frå SLF.

### 2.17 Motrekning og utlegg

Etter § 21 kan det gjerast motrekning mot tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal. Det gjeld dei same reglane som for produksjonstilskot. Sjå rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet.

### 2.18 Offentleg innsyn

Det gjeld dei same reglane som for produksjonstilskot. Sjå rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet.

## 3 Utfylling og retting av søknader

Merk dette:

- ✓ **Kontonummer** skal søkjaren halde ved like sjølv via Mitt Landbruksforetak i Altinn. Det er viktig å kontrollere om kontonummer er korrekt. Det er ein fordel om kontonummeret vert registrert i Altinn før søknaden.
- ✓ **Mottatt dato:** Det er avgjerande at dette vert rett registrert for papirsøknader, særleg dersom innlevering er etter søknadsfristen. Datoen blir brukt til å berekne reduksjon i tilskot pga for sein levering.
- ✓ **Søkjaren si underskrift:** Papirsøknad skal vere underskriven av søkjaren eller ein som har rolle for dette registrert i Einingsregisteret. Med si underskrift forpliktar søkjaren seg overfor offentlege styremakter om at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte. Det same gjeld innlevering via internett.

Saksbehandlingssystemet eStil har avanserte søke- og filtreringsfunksjonar. Du kan vise søknader for eit eller fleire tiltak og eller ein eller fleire statusar, og du kan sortere på den kolonna du vil. Dette kan bidra til god oversikt på arbeidsbenken, og bør utnyttast til å følgje opp saksbehandlinga.

### 3.1 Særskilt om enkelte tiltak

#### 3.1.1 Slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap

Det har ikkje lukkast å få digitalisert områda for dette tiltaket i kartet. Kommunen må derfor vere særleg merksame på at slåttemarkene er innanfor dei definerte områda i miljøprogrammet, og at dyreeiningar er rett omrekna.

#### 3.1.2 Tilskot til drift av beitelag

Beitelaga skal også levere søknad i eStil. Dette tiltaket har eigen søknadsfrist, 1. november. Kommunen skal godkjenne nye beitelag.

#### 3.1.3 Tilskot til skjøtsel av slåttemark

Dei føretaka som søker om tilskot til dette tiltaket, må ha inngått skjøtelsavtale med Fylkesmannen, v/Miljøvernavdelinga. Skjøtsel av naturbeitemarkar er ikkje lenger med i RMP.

#### 3.1.4 Tilskot til skjøtsel av bratt areal

Berekning av bratt areal skjer på grunnlag av ein høgdemodell frå Statens Kartverk. Gjennom 2013 vart eStil kritisert for at berekninga av bratt areal viste avvik i høve til tidlegare berekningar frå kommunane.

Fylkesmannen tilrår sterkt at kommunen brukar eStil sitt berekningsgrunnlag for utrekning av bratt areal. Det vil gje lik behandling i alle kommunar. Dersom kommunen likevel ønskjer å bruke eit anna kartgrunnlag, er det mogleg. Kommunen må i så fall grunnge det i eStil, og må sjølv vedlikehalde kartmaterialet.

eStil krev at bratt areal blir fordelt på to tiltaksklasser, 1:3 eller brattare og mellom 1:5 og 1:3. I Møre og Romsdal har vi berre ei tiltaksklasse for alt bratt areal. Fordelinga må likevel gjerast, elles vert berekna tilskot feil. Kartløyisinga i eStil inneheld opplysningar om kor bratt arealet er.

Tilskot til skjøtsel av bratt areal kan gjevast til føretak som skjøttar 10 dekar eller meir. Søkjarar med mindre bratt areal enn 10 dekar, skal ha avslag på tiltaket. Sidan tiltaket er delt på to tiltaksklasser, er det umogleg å handtere avgrensinga maskinelt i eStil. Derfor må desse følgjast opp særskilt.

### **3.1.5 Tilskot til drift av beitelag**

Einingsregisteret godkjenner ikkje lenger organisasjonsforma foreining (FOR), men vil ha laga over til organisasjonsforma samvirke (SAM). Lag som var godkjende som foreining i 2013 skal ha fått denne godkjenninga inndregen. Fylkesmannen har stimulert til omorganisering av beitelaga, ved å gje opplæring til kommunane og i ein avgrensa periode også eingongsstøtte til omorganisering. Beitelaga bør vere merksame på at dei bør føre rekneskap og levere næringsoppgåve, for å få utmålt korrekt skatt. Skatteetaten eller rekneskapskontor kan gje meir informasjon om dette. Data om beiting og tap på beite er verdifulle i rovviltforvaltninga.

Kommunane bør vere aktive i forhold til beitelaga, for å gje nødvendig bistand til at flest mogleg av beitelaga i Møre og Romsdal kan søkje om tilskot til beitelag i haust også. Det kan til dømes skje ved omorganisering eller samanslåing av beitelag.

### **3.1.6 Tilskot til skjøtsel av kystlynghei**

Dette tiltaket er frå 2015 gjort om til eit arealtilskot til søkjarar som har inngått skjøtelsavtale med Fylkesmannen om skjøtsel av kystlyngheia. Skjøtelsplan skal utarbeidast, og legg rammene for korleis skjøtelsen skal skje, for å halde ved like kystlyngheia.

Beitetrykket bør vere stort nok til å oppretthalde tilstanden til kystlyngheia over tid, og kommunen bør vurdere forholdet mellom areal og beitedyr. Maksimalt tilskot til dette tiltaket vert maskinelt avgrensa til 50.000 kroner per føretak.

### **3.1.7 Tilskot til tilrettelegging av fuglebiotopar**

Dette tiltaket har kome i stand for å stimulere til å ta vare på utryddingstrua fugleartar gjennom å avsette areal til hekkeplassar i enga, når det oppstår behov for det. Den enkelte bonde må ta kontakt med fylkesmannen i kvart enkelt tilfelle, for å inngå avtale om å utsette haustinga til etter at fuglane har forlate hekkeplassen. Miljøvernavingdelinga inngår slike avtaler og bestemmer kor stort arealet skal vere. Kommunane vil få opplysning om desse. Dette er eit lite men viktig tiltak, som bør få ekstra merksemd rundt i kommunane.

### **3.1.8 Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon**

Søkjarar med eiga seter skal skrive talet 1 i feltet i søknaden. Deltakarar på felleseter skal føre opp tal deltakarar, og alle som deltek på same setra skal føre opp likt tal deltakarar. Talet omfattar dei som fyller vilkåra i forskrifta, dvs driv mjølkeproduksjon på setra i minst 5 veker, og er uavhengig av om føretaket har skote inn eigardel i setra eller ikkje. Kommunen må sjå til at alle på same setra har ført opp likt tal deltakarar, og eventuelt rette dette.

Tilskot til foredling av produkt på setra vart frå 2011 skilt ut som eit eige tilskot. Endringa gjer det mogleg med meir rettferdig utmåling av tilskot i dei tilfelle berre ein eller få deltakarar på felleseter deltek i foredling. Føretak som driv foredling av produkt på seter, må føre opp både tal deltakarar på setra og tal deltakarar i foredling på setra. Alle som deltek på setra må føre det same tal deltakarar i kvar sin søknad. Elles vert utmålinga av tilskot feil. På felleseter kan det vere t.d. seks deltakarar i seterdrifta, men berre to deltek i foredling av produkta. I eit slikt tilfelle skal det vere seks

søknader med talet 6 i deltakarakar, og to av desse skal ha talet 2 i foredling. Dvs det er berre føretak som driv mjølkeproduksjon på setra som kan få tilskot til foredling av produkt på setra.

### **3.1.9 Tilskot til stell av automatisk freda gravminne på innmark**

I følgje forskrifta må gravminnet vere registrert i eit register godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Gravminne det kan gjevast tilskot til, må vere registrert minst ein av følgjande plassar:

1. Økonomisk kartverk (Merka med «R»)
2. Riksantikvaren sin database «Askeladden»
3. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, kulturavdelinga

Automatisk freda gravminne er registrert i kartløyvinga i eStil, og det er ikkje mogleg å registrere gravminne ut over det som ligg i kartet. I enkelte tilfelle er gravminne registrert som gravfelt. I andre tilfelle kan det vere mange enkeltregistreringar av gravminne. I miljøprogrammet for fylket vårt finst berre tiltaket gravminne. Kommunen treng ikkje teikne inn alle gravminna i ei stor samling enkeltgravminne. Det er mogleg å markere eitt punkt i kartet, og så skrive kor mange gravminne som finst i tilknytning til dette punktet.

Automatisk freda gravminne som ikkje finst på ØK eller i «Askeladden», må godkjennast av kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kommunen kan løyve SMIL-midlar til ei større eingongsinnsats, til dømes tynning av lauvskog, slik at gravminne kan godkjennast for tilskot til regionale miljøtiltak.

### **3.1.10 Tilskot til utsett jordarbeiding**

Dette tiltaket er frå 2015 sett til 0 i tilskot fram til forvaltningsplanen for vassdrag er vedteken, og det er utført vurdering av erosjonsrisikoen langs utsette vassdrag. Tiltaket er derfor teke ut av søknadsskjemaet inntil vidare.

## **4 Maskinelle kontrollar**

Søknadene vert kontrollert maskinelt etter kvart, og resultatet presentert direkte i eStil.

## **5 Stikkprøvekontroll**

Kontroll av søknadane er heimla i § 18 i forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal. Føremålet med kontrollen er å undersøke om data i søknadane er korrekte, slik at søkjaren får rett berekning og utbetaling. Kommunen må gjennomføre risikovurdering av søknadane og tiltaka i sin kommune, sett i høve til tilskotsreglane, saksbehandlingsreglar og forvaltningslova.

Minst 5 % av søknadane skal kontrollerast. Kommunen må trekkje ut søknader basert på risikovurdering, jf. forskrifta § 18. Sjå meir om kontroll i rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet.

Kommunen må innføre rutinar for risikovurdering, og kunne dokumentere korleis vurderinga er gjennomført.

## **6 Utlevering av data frå søknader om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal**

Søknader om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal er same type data som produksjonstilskot, og dei byggjer på dei same grunnlagsdata. Det gjeld derfor dei same retningslinjene for utlevering av data i desse sakene som for produksjonstilskot.

Spørsmål om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Møre og Romsdal kan rettast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Marianne Aas Halse (e.f.)  
fagkoordinator

Per Eldar Nakken

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Møre og Romsdal Bondelag	Fannestrandsveien 63	6415	MOLDE
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag	c/o Stein Brubæk, Brakstadstranda	6636	ANGVIK
	345		